



BREMANGER KOMMUNE

Postboks 104

6721 SVELGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Heidi Sandvik, 5764 3151

Tore Larsen, 5764 3126

Samordna fråsegn - Oversending av reviderte plandokument - reguleringsplan - Bremanger 41/1 m fl - Holmaneset - 4648 202301

Vi viser til oversending dagsett 28.1.2025, med reviderte dokument etter dialogmøtet 25.10.2025 og førebels samordna fråsegn frå oss 7.11.2024. Vi viser også til framlegg til justert plankart, motteke 14.2.2025, med forslag om å legge inn omsynssone natur (H560) i heile GV1 langs vestsida av Holmaneset.

Vi merkar oss at det er gjort justeringar i kartet og føresegnar, som inneber noko forbetringar av planforslaget. Samfunnsnyttan av utbygginga i form av reduserte utslepp av klimagassar er rekna til å vere stor, og planen er såleis i samsvar med nasjonale mål om grøn omstilling. Etableringa av anlegget er også vurdert gjennom konsekvensutgreiinga til å gje positiv påverknad på lang sikt for m.a. befolkningsvekst, attraktivitet og lokal næringsverksemd i Bremanger.

Samtidig vil den planlagde utbygginga øydelegge eit skogområde som er av dei eldste kystskogane som er kjent i fylket, og det vil vere stor fare for at dei viktige marine naturverdiane i Holmasundet vert skada.

Området har nasjonalt viktige naturverdiar, og konsekvensane for naturmangfaldet av ei utbygging vil bli så omfattande at det etter gjeldande retningslinjer er grunnlag for å fremje motsegn, jf. rundskriv T-2/16. Klimaeffekten av eit anlegg for grøn energi, som denne planen legg opp til, er heller ikkje avhengig av ei etablering på dette konkrete arealet.

Utan å fremje motsegn rår vi, på bakgrunn av dei store naturverdiane som går tapt, sterkt frå å gå vidare med planen for utbygging på Holmaneset.

Det er no ein justert versjon av alternativ 2b som er til høyring, og det er såleis berre plankart og føresegnar for dette alternativet som er revidert og sendt til oss for gjennomsyn. Det er også gjort justeringar og oppdateringar av planomtalen og konsekvensutgreiinga. Endringane er lista opp i oversendingsbrevet frå kommunen datert 28.1.2025.



Statleg samordning av motsegner

Vi viser til brev av 22.12.2017 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (no kommunal- og distriktsdepartementet - KDD) om delegering av mynde til Statsforvaltaren til å samordne statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova (pbl.).

Statsforvaltaren i Vestland samordnar såleis fråsegner frå statlege styresmakter til kommunale arealplanar i saker der det er fremja motsegn. Fiskeridirektoratet fremja motsegn mot planen i brev 18.10.2024. I ettertid er det frå tiltakshavar fremja forslag til endringar av planen, som gir grunnlag for å trekkje motsegna, jf. brev frå Fiskeridirektoratet 2.12.2025. Vi legg då til grunn at det dermed no ikkje føreligg motsegn mot planen frå andre statlege etatar.

Merknader frå Statsforvaltaren

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for produksjon av hydrogen og ammoniakk på Holmaneset. I prosjektet er det ønskje å utvikle energikjede for grøn industri, med krafttilknytning, produksjonsanlegg, hamneanlegg med støtte for produksjon og frakt av ammoniakk. Anlegget skal kunne forsyne både det norske og den europeiske marknaden med energi med mindre karbonutslepp. Produksjonsprosessen inneber å spalte reint vatn med fornybar elektrisitet til hydrogen og oksygen i ei vasselektrolyse. Hydrogenet skal konverterast til ammoniakk, for deretter å verte frakta vidare til marknaden via skip. Det einaste biproduktet frå ein slik produksjon skal vere oksygen som kan frigjerast tilbake til atmosfæren eller brukast i andre næringskjeder, og varme som også kan gjenbrukast.

Produksjonen skal såleis erstatte «grå» ammoniakk i den europeiske marknaden, og vil bidra med klimagassutsleppsreduksjon tilsvarande 15,3 millionar tonn CO₂-ekvivalentar over ein periode på 25 år. I konsekvensutgreiinga som følgjer planen er det vurdert at produksjonsanlegget vil gje stor positiv konsekvens for utslepp av klimagassar.

Planen er såleis i tråd med nasjonale mål om grøn omstilling, jf. m.a. punkt 31 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging: *«Det legges til rette for grønn omstilling, bærekraftig verdiskaping og lønnsomme arbeidsplasser i hele landet.»* Regjeringa har i arbeidet med det grøne industriløftet peikt ut m.a. hydrogen som eit av fleire satsingsområde, jf. Veikart 2.0: Grønt industriløft.

Etableringa av anlegget er i konsekvensutgreiinga også vurdert til å gje positiv effekt på lang sikt for m.a. befolkningsvekst og attraktivitet, for lokal næringsverksemd, og vil kunne bidra til vekst i Bremanger kommune.

Samtidig seier nyleg vedteken statleg planretningslinje for arealbruk og mobilitet at planlegging skal bidra til å nå målet om å redusere nedbygging av særleg viktige naturareal. Eit grønt industriløft og meir klimavenleg energiproduksjon må då planleggast og gjennomførast slik at viktig natur og nasjonalt viktige økosystem ikkje går tapt. Arealendringar og nedbygging er, saman med klimaendringane, rekna for å vere av dei største truslane mot natur og arts mangfald, jf. m.a. hovudrapporten frå FN sitt naturpanel. Vi viser her også til Veikart 2.0 : Grønt industriløft, frå regjeringa, som også seier at: *«En sentral forutsetning for regjeringens arbeid er at klima og natur skal være en ramme rundt all politikk. Et grønt industriløft skal både bidra til oppfyllelse av klimamålene og gjennomføres slik at viktig natur og økosystemer ikke går tapt»* og *«Klima og natur må ses i sammenheng, slik at viktig natur og økosystemer ikke går tapt for å nå klimamål»*.



Holmaneset står i ei særstilling når det gjeld konsentrasjon av naturverdiar, knytte til både land og sjø innanfor eit avgrensa område. Det er kartlagt fire lokalitetar med tre ulike marine naturtypar i Holmasundet (ålegraseng, blautbotnområde i strandsona og tareskog). Heile planområdet på land er ein samanhengande førekomst av gammal furuskog. Av raudlista artar knytte til skogen er påvist furustokkjuke (NT, nær trua), tretåspett (NT) og granmeis (VU, sårbar).

Aldersmåling ved kjerneboring viser at dei eldste furutrea er over 300 år gamle, og halvparten av dei undersøkte trea er eldre enn 200 år. Fordelinga av gamle tre viser at skogen på Holmaneset har god alderskontinuitet, og at skogen i området ganske sikkert er 250-300 år gammal. Det eldste undersøkte treet er om lag 320 år. Ein gjennomgang av 15 område tilbodne for frivillig skogvern i nordlege del av Vestland fylke, viser at det i låglandet berre i eitt av områda er snakk om samanhengande skog på rundt 200 år. Ingen av områda har skog på same alder som på Holmaneset, uavhengig av høgd over havet, og i alle dei 15 områda var det til saman berre registrert eitt enkelt tre eldre enn 300 år (i stor høgd). Gammalskog er nok i praksis nær utrydda i lågareliggande område i fylket, og finst i dag stort sett i 3-400 m høgd eller meir. Skogen på Holmaneset må derfor vurderast som ein av dei siste restane av gammalskog ved havnivå i fylket.

Gammal furuskog med gamle tre er ein naturtype med sentral økosystemfunksjon. Kartlegginga av området viser at heile skogen har svært høg lokalitetskvalitet, noko som gjer at den kjem i høgste verdikategorien, **Svært stor verdi**, etter systemet i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 *Konsekvensutredning av klima og miljø*. Holmaneset er den eldste gjenverande førekomsten vi kjenner til av gammal furuskog ved havnivå i Vestland fylke (det kan vere nokre andre, liknande lokalitetar i fylket, men ingen med kjent alder i dette intervallet). Ellers er så gammal skog i stor grad avgrensa til fjellskogar eller skog i andre vanskeleg tilgjengelege område. Det er også svært spesielt at skogen ikkje berre veks ved havnivå, men i tillegg på lett tilgjengeleg flatmark ved havnivå, og assosiert til store marine naturverdiar.

Konsekvensutgreiinga (KU) er noko uklar på om førekomsten av sukkertare er tett nok til å kvalifisere som den høgt raudlista naturtypen sukkertareskog (EN-sterkt trua), men bileta i konsekvensutgreiinga viser at det i alle fall stadvis er snakk om sukkertareskog. Denne kjem i så fall også i verdikategorien **Svært stor verdi**. Dei andre marine naturtypelokalitetane i området har alle **Stor verdi**, og vi vil særleg peike på ålegrasengene i Holmasundet som er viktige oppvekstområde for den sårbare torskebestanden i fjorden.

Ifølge Landsskogtakseringa i 2020 har berre 1,7% av den produktive skogen i Noreg naturskogskarakter. Ei utbygging i den relikte gammalskogførekomsten på Holmaneset vil derfor vere i strid med målet i den nye nasjonale handlingsplanen for naturmangfald om å unngå meir nedbygging av særleg viktige naturareal. Vi meiner at også dei marine naturverdiane i Holmasundet vil vere i fare ved den planlagde utbygginga, ettersom det er sett av ein buffersone mot sjøen som er for smal til å sikre Holmasundet mot negativ påverknad. Halvparten av buffersona mot sjøen er berre 8-10 meter brei, og på grunn av det bratt skrånande terrenget ned mot sundet vurderer vi det som svært sannsynleg at verdiane i Holmasundet vil bli påverka av utbygginga.

Sjølv om det er positivt at anlegget kan tilby utsleppsfri energi til skipsfarten, er det lite miljøvenleg at mykje elektrisk kraft går til spille i produksjonsprosessen. Stilt opp mot tapet av eit skogområde som er av dei eldste restane av lågtliggande gammalskog som er kjent frå fylket, vurderer vi at ulempene for naturmiljøet er svært store. Det er som nemnt etter vårt syn også stor fare for at utbygginga vil skade dei viktige marine naturverdiane i Holmasundet, både under anleggsperioden og i driftsperioden med store skip til og frå kai. Området har nasjonalt viktige naturverdiar, og konsekvensane for naturmangfaldet av ei utbygging vil bli så omfattande at det etter gjeldande



retningslinjer er klart grunnlag for å kunne fremje motsegn, jf. rundskriv T-2/16. Det er likevel positivt at utbyggar har trekt anlegget noko bort frå Holmasundet og lagt inn fleire tiltak som skal hindre avrenning frå utbyggingsområdet og at det skal bli forureina med stein og støv i utbyggingperioden. Delar av denne buffersona er likevel for smal til at ein kan vere sikker på å unngå skade i Holmasundet.

Utbyggar arbeider med økologisk kompensasjon for skogområdet som går tapt ved Holmaneset. Dette er eit positivt tiltak, i alle fall så lenge det er snakk om reell kompensasjon. Det vil bety at eit tilsvarande naturområde blir sikra for framtida, i dette tilfellet ein furuskog ved havnivå, der minst halvparten av trea er godt over 200 år og med eit betydeleg innslag av 250-300 år gamle tre. For å kompensere fullt ut for tapet av dei unike kvalitetane ved Holmaneset, der både terrestre og marine naturverdiar er samla på ein stad, må kompensasjonsområdet også ligge ved sjøen, knytt til sjøareal med betydelege biologiske verdiar. Dersom denne kombinasjonen viser seg umogleg å finne, meiner vi at dette må kompensast med eit lågtliggende skogområde som er betydeleg større enn skogen på Holmaneset. I ein av dei få kompensasjonssakene som er gjennomførte i Noreg (Åkersvika), blei det pålagt å finne kompensasjonsareal som var 3-4 gonger større enn det som gjekk tapt.

På bakgrunn av dei nasjonalt viktige naturverdiane i området rår vi sterkt frå å gå vidare med planane, ikkje berre fordi dei vil øydelegge eit skogområde som er av dei eldste kystskogane som er kjent frå fylket, men også fordi det er fare for at utbygginga vil skade viktige marine naturverdiar i Holmasundet.

Vi meiner elles at alternativvurderingane framleis ikkje er gode nok (jf. KU-forskrifta § 19 og rettleiar M-1941), særleg sett i lys av at planområdet har særleg store verdiar for biologisk mangfald og er i strid med tiltakshierarkiet der det å unngå nedbygging står øvst og kompensasjon står nedst. Vi har heilt frå oppstart av planarbeidet og i tidlege møte peikt på konflikten med viktige naturverdiar, og rådd til å utgreie anna realistisk alternativ. Naturverdiane har seinare vist seg å vere endå større enn det som var kjent i tidleg fase.

Vi viser til nyleg vedteken statleg planretningslinje for arealbruk og mobilitet. Punkt 3.10 Klima, naturmangfold og friluftsliv: *«Det skal tas hensyn til viktige arealer for friluftsliv og naturmangfold, samt karbonrike arealer, slik at disse arealenes kvalitet og evne til økosystemtjenester, karbonlagring og klimatilpasning opprettholdes. Muligheten for å bygge innenfor eller i tilknytning til eksisterende byggeområde skal kartlegges og utnyttes før det vurderes å ta i bruk områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (LNFR-områder) og grøntområder til utbyggingsformål. Planlegging skal bidra til å nå målet om å redusere nedbygging av særlig viktige naturarealer.»*

Vi viser også til Nasjonale forventningar punkt 34: *«Det legges til rette for tilstrekkelige næringsarealer med minst mulig negative konsekvenser for klima, miljø og samfunn. Næringsarealer planlegges med et regionalt perspektiv, og energibruk, krafttilgang, gjenbruk og mer effektiv utnyttelse av eksisterende næringsarealer og infrastruktur inngår i planvurderingene.»*

Ifølgje KU-en (s.252) vil ammoniakkproduksjonsanlegget krevje 66 TWh elektrisk kraft over 25 år. Dette svarar til 2,64 TWh pr. år, noko som i så fall utgjer nesten 2 % av elektrisiteten produsert frå vasskraft i Noreg i 2024 (140 TWh). Av dette kraftforbruket går 30 % av energien tapt i overgangen frå elektrisk kraft til hydrogen.

Det er under utarbeiding planar for fleire ammoniakk- og hydrogenanlegg i Vestland fylke og landet elles. Anlegga er areal- og energikrevjande, og bør i samsvar med punkt 34 i Nasjonale forventningar planleggast i eit heilheitleg og regionalt/nasjonalt perspektiv.



Vi har tidlegare peikt på at ei lokalisering av anlegg på Holmaneset manglar samlokalisering med andre system/næringar som kan utnytte overskotsvarmen som er ein viktig ressurs. I eit av notata vi fekk tilsendt etter dialogmøtet, svarde Fortescue at noko skal gjenvinnast gjennom ein dampturbin, men at det vert jobba med dialog med næringslivsaktørar og andre interessentar om gjenbruk av biprodukta. Det var ikkje sagt noko om kva arealbehov næringslivsaktørar og interessentar eventuelt vil kunne ha for å utnytte denne ressursen.

Det er no lagt inn eit nytt punkt i føresegna (2.12 e), om at det ved rammeløyve skal ligge føre ei utgreiing om korleis overskotsvarme vert handtert og kva varmemengder som skal sleppast i sjøen. Det skal leggjast til rette for energigjenvinning internt på anlegget og ein tilkoplingsmodul som legg til rette for framtidig utnytting. Det er framleis uklart for oss i kva grad overskotsvarmen vil kome til nytte, og vi stiller spørsmål til om eventuell framtidig utnytting vil kunne kome til å krevje større utbyggingsareal i dette verdifulle og sårbare naturområdet. Vi ser det som ein klar mangel ved planen, og ved lokaliseringa av anlegget, at gjenbruk av overskotsvarme og -oksigen og arealbruken rundt dette ikkje er nærare avklart i planen.

Nokre merknader til det konkrete planforslaget:

Vi har i det følgjande nokre merknader til planframlegget, i tilfelle kommunen går vidare med planen og opnar for utbygging av Holmaneset.

Rekkjefølgjekrav

I den førebelse fråsegna sa vi at:

«I tilfelle der ein opnar for nedbygging av verdifull natur for å oppnå svært stor samfunnsnytte, må det sikrast eintydig gjennom plan at området ikkje skal kunne nyttast til andre føremål. Det er også svært viktig med rekkjefølgjekrav som ikkje opnar for inngrep før alle avklaringar er gjort og det er endeleg avklart at det viktige tiltaket kan realiserast.»

Vi held fast på at eit slikt rekkjefølgjekrav vil vere heilt vesentleg for å sikre mot øydelegging av svært store naturverdiar, dersom prosessen skulle stoppe opp. Mellom anna skal anlegget på Holmaneset knytast til regionalnettet via ei 132 kV sjøkabel/jordkabel, noko som krev konsesjon etter energilova, der NVE er godkjenningssmyndigheit. Søknaden ligg no hos NVE. Tiltaket skal også handsamast etter forureiningsregelverket. **Vi legg til grunn at det vert lagt inn eit rekkjefølgjekrav som sikrar at det ikkje vert starta terrengopparbeiding før alle løyve og avklaringar er på plass.**

Vi forstår det slik at intensjonen no, med endringane i føresegn 6.3, 2. ledd, er at området ikkje skal kunne byggast ut til anna type næring enn til hydrogen- og ammoniakkanlegg. For å gjere føresegna om at det likevel kan opnast for mindre arealkrevjande hydrogen- og ammoniakkanlegg heilt eintydig, rår vi til å ta ut ordet «anna» i denne føresegna: «Dersom planområdet skal nyttast til mindre arealkrevjande hydrogen- og ammoniakkanlegg, så gjeld følgjande.....» Meininga med setninga vert den same utan «anna», men vil då ikkje kunne mistolkast.

Buffersone mot sundet

Dei marine naturverdiane i Holmasundet vil etter våre vurderingar kunne vere i fare ved den planlagde utbygginga, m.a. fordi det er sett av ei buffersone mot sjøen som er for smal til å sikre Holmasundet mot negativ påverknad. Halvparten av buffersona mot sjøen er berre 8-10 meter brei, og på grunn av det bratt skrånande terrenget ned mot sundet vurderer vi det som svært sannsynleg at verdiane i Holmasundet vil bli påverka av utbygginga. Vi meiner at det må ei breiare buffersone til for å kunne sikre Holmasundet mot negativ påverknad.



I denne sammenhengen vil vi også peike på at etter at buffersona mot Holmaneset blei gjort breiare i sør, er det no mogleg å gjere heile skogarealet mot Holmasundet (GV1, inkludert dei to små partia med omsynssone H560 2 og 3) om til ei samanhengande omsynssone H560. Dette fekk vi også tilsendt eit forslag om frå kommunen den 14.2.2025, og vil legg såleis til grunn at dette vert følgt opp. Samtidig bør denne buffersona gjerast brei nok, også i nord, til også å fungere som ein vegetasjonsskjerm mellom anlegget og friluftsområdet i Holmasundet og holmane utanfor.

Det er opna for å etablere stadeigen vegetasjon i VG1 for visuell skjerming for felt B1 og B2, jf. føresegn 3.3. Vi meiner at ein må prøve å ta vare på restane av den gamle skogen i området utan inngrep, og ikkje plante inn ny vegetasjon.

Grøntareal

Større delar av dei ubygde areala elles i planområdet er no viste som LNF-naturføremål, der det ikkje er tillate med terrenginngrep eller fjerning av vegetasjon utover skjøtselstiltak, jf. føresegn 3.4). Det er positivt og viktig at det ikkje er opna for inngrep i desse områda, men naturtypen i seg sjølv har ikkje behov for skjøtsel, og risikoen er dermed stor for at skjøtsel vil vere til meir skade enn gagn. Vi stiller spørsmål til kva som ligg i «utover skjøtselstiltak», og vi rår til å presisere dette nærare, for å sikre mot utilsikta skade på viktig natur.

Dokumentasjonskrav – støy, nærmiljøulempar, massehandtering m.m.

Vi viser til fråsegna vår datert 7.11.2024, der vi m.a. sa følgjande:

«Vi vil presisere at massehandtering, støy og fleire av temaa som det er stilt dokumentasjonskrav for i ettertid, jf. føresegnene punkt 2.12, særleg punkt b, c og d, er vesentlege plantema som i tilstrekkeleg grad må vurderast og avklarast på siste plannivå, ikkje gjennom seinare vurdering ved rammeløyve. Det er viktig at reguleringsplanen set tydelege grenser og rammer for m.a. massehandtering, støy og andre nærmiljøtema.»

Sjølv om det no er lagt inn noko skjerpa krav i føresegna knytt til støy (2.5) og massehandtering (2.12 under dokumentasjonskrav), ber vi kommunen om å ta stilling til og sikre at massehandtering, bruken av overskotsvarme, støy og andre miljøulempar er godt nok vurdert, avklart og ivareteke i planen. Vi minner om at vesentlege plantema skal avklarast på siste plannivå, og ikkje utsetjast til søknad om rammeløyve.

Risiko og sårbarheit (ROS)

Vi minner om kravet om at reell risiko skal vere heilt og fullt kartlagt på siste plannivå. Kommunen må sjå til at det går klart fram av planen med føresegner kva tiltak som må vere på plass for å ivareta tilfredsstillande tryggleik, som t.d. branntryggleik.

Vi viser elles til den førebelse fråsegna frå oss datert 7.11.2024.

Med helsing

Liv Signe Navarsete
Statsforvaltar

Synnøve Stalheim
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Vestland fylkeskommune
FISKERIDIREKTORATET
Kystverket

Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Postboks 7900	5020	BERGEN
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN